

**Fra:** Marianne Ose Askvik (Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)

**Sendt:** 19.09.2017 12:52:38

**Til:** 'Egil Ovesen'

**Kopi:** Ronny Skaar

**Emne:** SV: Reiseutjamning

**Vedlegg:** image001.png

Hei,

Viser til e-post under der det vert vist til samråd med UKM Norge om at eigenandel per deltakar vert auka med 250 kroner. For Hordaland fylkeskommune vil det innebere ein tilleggskostnad på 7.250 kroner, ein tilleggskostnad som ikkje er lagt inn vårt UKM-budsjett.

I «Informasjonsskriv 1 til fylkeskontaktane» står det tydeleg under pkt. 1.4 Kostnader: «Subsidert deltakaravgift: 1.200 kroner, Eigenandel reise: 1.450 kroner», og vidare under pkt. 12 – reise og reiseutjamning at «Fylke som har eit godkjent forbruk på meir enn 1 450 kroner per deltakar, får tilbakeført differansen. Dei fylka som har brukt mindre enn 1 450 per deltakar får ein faktura på differansen».

Av omsyn til informasjonsskrivet er det i budsjettet til UKM Hordaland lagt inn  $1200+1450 = 2.650$  kroner per deltakar som representerer Hordaland under UKM-festivalen. Det er ikkje høve for å auke dette så seint på året.

Ein kan forstå at reiseutgiftene til UKM-festivalen totalt sett vart høgare i år enn det det har vore tidlegare år. Grunnane som er nemnt er likevel grunner som burde vore kjent for festivalarrangør og UKM Norge og såleis vore lagt inn i budsjettet for UKM-festivalen 2017.

Til dømes kan det nemnast at kostnadene til gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland 2016 vart høgare enn budsjettet. I dette tilfellet ville det aldri ha vore aktuelt å sende ein melding til alle kommunane i etterkant om at deltakaravgifta vart høgare det året. Det er eigar av arrangementet som eig budsjettet og som såleis må ta ansvar for eventuelle endringar i rekneskapen.

Vennleg helsing

**Ronny Skaar**

Utviklingssjef

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

og

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Egil Ovesen [mailto:egil.ovesen@rogfk.no]

**Sendt:** 13. september 2017 14:44

**Til:** arranger@ukm.no

**Emne:** Reiseutjamning

Til alle fylkeskontaktane!

Dei totale godkjende reiseutgiftene til festivalen 2017 er på 1.107.664 kroner. I 2016 var dei godkjende reiseutgiftene til festivalen på 871.515 kroner. Dei er altså 236.149 kroner (27 %) høgare enn i fjor.

Nokre døme er:

Finnmark 104.619 (2016) og 152.755 (2017)  
Oppland 38.838 (2016) og 135.554 (2017)  
Akershus 0 (2016) og 37.330 (2017)

Det er gode grunner for dette (Rogaland er lenger enn Sør-Trøndelag å reise for dei nordlegaste fylka, nokon av deltakarane fekk fullflex-billettar av di dei kunne komma opp til munnleg eksamen dei fyrste to festivaldagane og me fekk ikkje sponsa togbillettar på Sørlandsbanen.). Samstundes er det berre nokre få fylke som har lågare reiseutgifter i år enn tidlegare.

I samråd med UKM Noreg ber me derfor om forståing for at me må auka eigenandelen til reiseutjamninga med 250 kroner per deltakar for å få reknestykket til å gå opp. I tillegg tar me meir av festivalbudsjettet enn tidlegare år til å sponsa reiseutjamninga (139.815 kroner i 2016 opp til 241.314 kroner i 2017).

Me trur dette er ei meir rettferdig fordeling av ekstrakostnadene til reise enn å måtta redusera i reiseutjamninga til dei fylka som av grunner utanfor deira kontroll fekk høgare reiseutgifter i år enn tidlegare.

Helsing Egil